

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Rådhuset i Gaupne  
**Dato:** 24.02.2020  
**Tidspunkt:** 09:30

---

Velkommen til det første møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2020 - 2023.

Møtet finn stad på rådhuset i Gaupne, Luster, der vi også får lunsj.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Maria på tlf. 93 66 42 56 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71

Frå Gloppen kommune møter Vidar Sandal for Mariel Eikeset Koren. Andre vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Etter styremøtet drar vi på tur til blåisgrotta under Nigardsbreen. Vi har med oss autorisert guide. Grotta er eit naturens underverk danna av smeltevatn under breen, og er tilgjengeleg for oppleving midtvinters. Om vinteren ligg breen i ro, og det er trygt å ta seg inn i blåisen. Det er flatt og greitt å gå inn Nigardsbredalen over vatnet, ca fem km kvar veg, og litt stigning opp mot brefronten. Turen kan bli avlyst dersom det er mykje overvatn eller vêret slår feil.

Hugs å ta med følgjande:

- Skiutstyr, gjerne med stålkant.
- Gode kle
- Kopp og drikkeflaske
- Hodelykt

Viss nokon ikkje har ski, kan de låne truger. Sei då i frå på førehand.

Vel møtt!



## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/20	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for perioden 2020 - 2023		2020/2302
ST 3/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 4/20	Orienterings- og drøftingssaker <ol style="list-style-type: none"><li>1. Besøksstrategi - status</li><li>2. Forvaltningsplan - status</li><li>3. Skålastien - status</li><li>4. Møte med Stryn kommune om innfallsportar - 06.feb.</li><li>5. Møte med Loen utviklingslag - tiltak mot villcamping i Lodalen - 06.feb.</li><li>6. Driftsbudsjett 2020 -</li><li>7. Møtegodtgjersle/reiserekning/DFØ-app</li><li>8. Mediesaker sidan sist</li><li>9. Orientering frå Statens naturoppsyn</li></ol>		
ST 5/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen - ferdsel med snøscooter for radarmåling i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2020/2651
ST 6/20	Saksframlegg - Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - uttak av breis til formidling på Norsk Bremuseum - Liseter/Supphellen		2020/2988
ST 7/20	Jostedalsbreen NP - motorferdsel 2020-2023 - bruk av scooter i forbindelse med snømåling og vedlikehald av bruer - Glommens og Laagens Brukseierforening GLB		2019/22076
ST 8/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord		2020/2358
RS 1/20	Nytt medlem til rådgjevande utval frå Naturvernforbundet		2019/5041
RS 2/20	Arbeidsverkstad besøksstrategi i Fjærland		2019/3131
RS 3/20	Villreinnemnda for Reinheimen- Breheimen - Protokoll 2020 Sak 2-10 - vedtak om Skridulaupbu		2019/11386

### **ST 1/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	2/20	24.02.2020

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for perioden 2020 - 2023

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vert med dette konstituert, og veljar følgjande blant styret sine faste medlem til leiar og nestleiar.

Leiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er:

Nestleiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er:

Valet av leiar og nestleiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av reviderte vedtekter, gjeldande frå 1. januar 2020.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev datert 09.01.2020 frå Miljødirektoratet – Oppnemning av medlemmer til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.
- Reviderte vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sendt frå Miljødirektoratet den 09.01.2020, gjeldande frå 01.01.2020.
- Delegeringsreglement

Miljødirektoratet fekk delegert mynde etter naturmangfoldlova § 62 andre ledd til å bestemme at eit særskilt oppnemnd organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfoldlova kapittel V, jf. forskrift av 20. oktober 2015 (FOR-2015-10-20-1905). Direktoratet sitt mynde omfattar og oppnemning av styremedlemmer til eksisterande styre, eventuelt oppnemne nye styre, fastsette vedtekter for styrene og godkjenne forvaltningsknutepunkt.

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk alle kommunar og fylkeskommunar med areal i store verneområde og som er med i ordninga med lokal forvaltning invitasjon til å oppnemne ei

kvinne og ein mann til dei nye styra. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjekk, grunna kommunesamanslåinga i Sunnfjord og Sogn, frå å ha åtte styremedlem i førre periode til å ha seks styremedlem i denne perioden.

Etter forslag mottatt frå kommunar og Vestland fylkeskommune oppnemnte Miljødirektoratet følgjande personar til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for perioden 2020 - 2023:

<b>Kven</b>	<b>Reprenterer</b>	<b>Rolle</b>	<b>Parti</b>
Ivar Kvalen	Luster	fast	SP
Helge Stormoen	Vestland FK	fast	FrP
Vibeke Johnsen	Sogndal	fast	SV
Oddmund Klakegg	Sunnfjord	fast	SP
Kari Synnøve Muri	Stryn	fast	KrF
Mariel Eikeset Koren	Gloppen	fast	MdG
Sven Flo	Stryn	vara	H
Marit Aakre Tennø	Luster	vara	SP
Vidar Sandal	Gloppen	vara	SP
Sonja Øvre-Flo	Vestland FK	vara	H
Arnstein Menes	Sogndal	vara	SP
Anne Kristin Lilleaasen	Sunnfjord	vara	H

Miljødirektoratet oppmoda, i oppnemningsbrevet datert den 9. januar 2020, forvaltarane å kalle inn til konstituerande møte snarast mogeleg. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Samansettinga av styret føl krava til kjønnsfordeling i § 28 i likestillingslova.

I styreperioden 2012 - 2016 og 2016 – 2019 sat Ivar Kvalen frå Luster som leiar, og Sven Flo frå Stryn som nestleiar. I styreperioden 2011 - 2012 sat Torodd Urnes frå Luster som leiar og Nils P. Støyva frå Stryn som nestleiar.

Vedtektene opnar for at nasjonalparkstyret kan oppnemne arbeidsutval. Dei to siste styreperiodane har styret oppnemnt arbeidsutval, og i styreperioden 2012 – 2016 vart arbeidsutvalet mykje nytta. Då var det ingen juridiske heimlar for å delegere kurante sakar til sekretariatet, og styret/AU måtte tre saman kvar gang det kom inn ei dispensasjonssak. For styreperioden 2016 – 2019 oppnemnte styret eit arbeidsutval, men det var ikkje nytta fordi delegasjonsreglementet fungerte greitt.

## **Vurdering**

Saka vert lagt fram utan vurdering og utan innstilling på leiar- og nestleiarvervet frå sekretariatet.

Sekretariatet vurderer i spørsmålet om oppnemning av arbeidsutval at det er lite naudsynt. I og med at nasjonalparkstyret går frå åtte til seks medlem, og at ein no er vedtaksføre med tre deltakande representantar, ville dette utgjort same tal medlem som eit eventuelt AU. Dersom nasjonalparkstyret likevel ønskjer å oppnemne eit AU står styret fritt til å innlemme det i vedtaket om konstituering, ev kan sekretariatet førebu ei sak til neste styremøte.

Dersom nasjonalparkstyret ønskjer å oppdatere eller endre delegeringsreglementet, kan sekretariatet førebu ei sak om dette til neste styremøte.

**ST 3/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

**ST 4/20 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/20	24.02.2020

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen – helikopterlanding og snøscooterkøyring for radarmåling i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet**

### **Innstilling frå forvaltar**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med i heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, løyve til Høgskulen på Vestlandet v/Mette Gillespie for motorisert ferdsle med snøscooter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.
2. Løyvet gjeld for perioden 24. februar til og med 30. april 2020 og i perioden 1. januar til og med den 28. april 2021. Løyvet gjeld ikkje heilagdagane i påska.
3. Løyvet gjeld for tre lag à to scootere, altså maks seks snøscootere totalt, som skal følgje hovudlinjene i kartet vedlagt søknaden, jf. saksutgreiinga.
4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 50 over to år. Ramma skal dekke frakt tur/retur av seks snøscootere, forskingsutstyr, proviant og mannskap. Primær landingsplass er Steinmannen, men dersom ein ikkje kjem seg fram med scooter over heile breen kan helikopteret lande med naudsynt utstyr sørvest for Bings gryte og nordaust for Lodalsbrekka for å fullføre datainnsamlinga.
5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.
6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr/spor/etc. undervegs.

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga gjere dette med delegert mynde.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigararar.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå HVL v/ Mette Gillespie datert 10. februar 2020 med vedlagt prosjektsøknad frå HVL til Norges Forskningsråd.
- Oppsummering av møte og workshop om JOSTICE den 5. februar 2020 i Sogndal.

### Søknaden

Høgskulen på Vestlandet (HVL) v/ Mette Gillespie søker om løyve til å lande med helikopter med utstyr og å køyre snøscooter i samband med radarmåling av is- og snødjubde på iskappa på Jostedalsbreen. HVL har fått midlar frå Norges Forskningsråd til eit fireårig prosjekt med namn JOSTICE. Prosjektet har eit budsjett på 24,5 millionar kroner og har som føremål å kartleggje framtidige endringar i Jostedalsbreen under ulike klimatiske scenario.

Prosjektet skal kople konsekvensane for lokalt klima, landbruk, reiseliv og vasskraft med endringar i naturen der både isdynamikk og klima vert målt og projisert. Prosjektet involverer mange aktørar; både forskarar frå Vestlandsforskning, NVE, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og fire andre europeiske universitet skal samarbeide tett med regionale interessentar som Statkraft, Sogn og Fjordane Bondelag, Norgesguidene, Jostedalen Breførelag, Breheimsenteret, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, Norsk Bremuseum, ViteMeir og også Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.


I søknaden skriv forskar Mette Gillespie følgjande:

*For å kunne kvantifisere de fremtidige endringer til Jostedalsbreen og områdene rundt, må vi først og fremst kartlegge fjelltopografien under breen, da denne har stor betydning for bredynamikken og fordelingen av vann mellom vassdrag. Dette gjøres ved hjelp av radar-målinger av istykkelsen og konstruksjonen av en ny terrengmodell for breen, til dels ut fra målinger med differensial GPS (DGPS). I tillegg må vi bestemme massebalansen til hele Jostedalsbreen for å kunne modellere fremtidige endringer i denne. Dertil trenger vi detaljerte målinger av snøtykkelsen (manuelle sonderinger og radar-målinger) og løpende meteorologiske observasjoner på breen.*

Målingane er planlagt utført over to veker i 2020 og over to veker i 2021. Fordi været er uføreseieleg ønskjer forskarane ei romsleg tidsramme som strekk seg frå dato for styremøtet i nasjonalparken (24. februar) og primært ut april. Dersom været slår heilt feil i denne perioden håpar dei å kunne utvide løyvet utover i mai. I søknaden skriv dei vidare:

*Vi er veldig oppmerksomme på, at feltarbeidet skal forstyrres besøkende til Jostedalsbreen minst mulig, og har ingen planlagt aktivitet på breen i påsken. Under planleggingen av feltarbeidet har vi vært i kontakt med turistaktører og utdannelsesinstitusjoner som opererer i området, så vi unngår datainnsamling i travle perioder.*

På grunn av tryggleik under feltarbeidet og for å konsentrere arbeidet over kortast mogleg tid, søker HVL om å nytte til saman seks snøscootere. Då kan tre lag køyre radarmålingar samstundes. Dei planlegg to og to personar i kvart lag. Dersom det er mogleg, både ut i frå vær og teknisk kvalitet på datainnsamlinga, vil dei prøve å køyre same sporet mellom områda. Sjå figur 1 for planlagt trasé.



HVL skriv i søknaden at dei primært vil kartlegge hovudbreplatået som er tilgjengeleg frå Steinmannen i 2020 (sentralplatået), og deretter gjennomføre radarmålingar nord for Lodalsbrekka, sør for Bings gryte og langs mange av dei lange brearmene i 2021.

Søknaden omfattar også helikopterbruk i samband med å fly dei seks omsøkte snøscooterane opp til Steinmannen. Fordi det kan være farleg og uframkommeleg å komme seg nord for Småttane/Lodalsbrekka og sør for Bings gryte søker forskarane om ei opening for å kunne frakte snøscooterane dit med helikopter. Truleg blir dette utført i 2021. Dei planlegg inntil 50 hiv/landingar med helikopter, dette vil på det meste bli 10 hiv tur/retur til Steinmannen med utstyr og personell, samt løft og landing nord for Småttane og sør for Bings gryte.

Ferdsla vil føregå innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark, men og i Nigardsbreen naturreservat, der Luster kommune har forvaltningsmynde. Luster kommune har fått saka oversendt til vurdering både etter motorferdselloverket og etter vernevedtaket for Nigardsbreen. Også Stryn, Sogndal, Sunnfjord og Gloppen har fått søknad om løyve til motorisert ferdsle innan dei respektive kommunegrensane.



## Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).

Verneforskrifta pkt. IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3. «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen frå 1994 (ei ny forvaltningsplan er under arbeid) står det, i kapittel 7.3.9 om motorferdsel:

*g) Det er høve til å gje dispensasjon for motorisert ferdsl i samband med forskning og vitskapleg arbeid. T.d. har NVE eit transportbehov for forskinga som er drive frå stasjonen på Steinmannen. Også transportbehov i samband med forskning må dokumenterast. Når faste, årlege transportbehov er dokumenterte, vil det vere aktuelt med fleirårige dispensasjonar. Omfanget skal vurderast i høve til nytten, både for nasjonalparken og generell samfunnsnytte.*

I forvaltningsplanen sitt kapittel 7.3.12 Forsking og undervisning står følgjande:

*Norsk Vassdrags- og Energiverk (NVE) er i si forskning (m.a. glasiologi, geologi og meteorologi) både avhengig av å setje opp mindre boltar, signalar og målestakar, og dessutan meir omfattande måleutstyr. Forskingsprogrammet er av stor nytte også [for] forvaltningsstyresmakta. Både gjennomføring av NVE sitt forskingsprogram og drift av stasjonen på Steinmannen føreset motorisert ferdsl (helikopter og snøscooter). Utgangspunktet er at NVE si forskning skal kunne halde fram som tidlegare fordi denne er viktig og nyttig også for forvaltninga av nasjonalparken, t.d. når det gjeld brearmene si framrykking. Forvaltningsstyresmakta må likevel ha styring med og oversikt over NVE sine aktivitetar. På denne bakgrunnen har NVE difor søkt på brei basis om dei tiltaka og aktivitetane dei ønskjer å gjennomføre i nasjonalparken, og fått eit fleirårig løyve for desse på visse vilkår, m.a. at motorferdsla vert av så lite omfang som mogleg, kontakt med nasjonalparktenesta før utreise slik at ein har høve til å krevje utsetjing av oppdraget, og at snøscooterbruken held seg på austsida av vatnskiljet på breen.*

*Retningslinjer: Forsking og undervisning i Jostedalsbreamrådet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene. Forvaltningsstyresmakta vil vere til hjelp for forskning og undervisning i den grad der er ønskeleg og ein har kapasitet.*

## Vurdering

### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Naturen sine egne lydar og fråver av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urörd natur og folk si friluftsuppleving når dei går på tur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum. Forskrifta for nasjonalparken har likevel opna opp for enkelte aktivitetar som er avhengig av motorisert ferdsle på vilkår. Dette gjeld mellom anna forskning.

Forskarar har systematisk samla kunnskap om snø og is på Jostedalsbreen over lang tid. Glasiologisk forskning på Jostedalsbreen har tradisjonar tilbake til midt på 1800-talet. Særleg var utanlandske forskarar svært aktive mange stader på breen. Før siste krig dominerte tyske forskarar, medan engelskmenn har vore meir aktive i tida etterpå. I det internasjonale glasiologiske miljøet er t.d. Cambridge-ekspedisjonane til Austdalsbreen på Veitastrand i 1950-åra mykje omtalt. Dei utførte ei rekkje grunnleggjande undersøkingar som er blitt klassiske innanfor glasiologisk forskning.

Frå tidleg i 1960-åra starta NVE (Norges Vassdrags- og Energiverk) detaljerte og langsiktige undersøkingar av massebalanse og ulike breprosessar fleire stader på Jostedalsbreen. NVE har med sitt ansvar for forvaltning av norske vassdrag ei særleg forplikting til å sørge for ny glasiologisk og hydrologisk kunnskap i nasjonalparken. Det blir utført målingar fleire gonger i året, der forskarane følgjer med på vintersnø og sommarsmelting for å mellom anna kunne rekne ut massebalanse. NVE fekk også eige løyve i 2019 for å gjennomføre radarmålingar på breen, og både NVE og Statkraft er no med som partner i JOSTICE-prosjektet.

Infrastrukturen ved Steinmannen, der både hytte og værstasjonen er ein verdifull ressurs, blir stilt tilgjengeleg for feltmannskapet i JOSTICE-prosjektet. Steinmannen er lokaliteten for NVE si hytte, det er også ein nødbu der, og anlegget ligg på grensa mellom nasjonalparken og Nigardsbreen naturreservat. Steinmannen er utgangspunkt for det meste av innsamla kunnskap frå breplataet, og NVE og Statkraft samarbeider om dei årlege målingane som har vore utført.

Helikopter og scooter er naudsynte hjelpemiddel til arbeidet (naturmangfoldlova § 12). Å dra snøradaren med pulk manuelt/på ski vil ikkje være gjennomførbart ut i frå den planlagde ruta på kartet i figur 1. Femti helikopterlandingar er ei stor ramme, og forvaltar trur det er mogeleg å nytte langt færre hiv dersom værforholda er gunstige. Til dømes kan forskarane køyre snøscooter over Styggevatnet for å nå den nordaustlege delen av nasjonalparken, og kan også truleg komme til området sørvest for Bings gryte med snøscooter frå Steinmannen. Likevel vil vilkåret om at den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er mest naudsynt (samt at helikopter er svært kostbart) naturleg nok innsnevre ta helikopterlandingar dersom alternative framkomstmoglegheiter er mogeleg ut i frå tilhøva i tid og rom. Forskarane vil også rapportere omfanget av tal hiv og dagar med snøscooter i felt, slik at forvaltningsmyndet kan få erfaring med omfanget på datainnsamlinga på slike store forskingsprosjekt (utvide kunnskapsgrunnlaget, jf. nmn § 8).

Landing med helikopter og køyring med snøscooter på toppen av breen representerer i denne saka ingen openberre trugsmål mot naturmangfaldet. Det er lite dyreliv på iskappa, og forvaltninga har ikkje registrert hekkelokalitetar av trua rovfugl langs traseen forskarane ønskjer å fly helikopteret til og frå Steinmannen. I mars og utover i april er det langt mellom skigåarane

på breplataet. Spora etter køyringa vert kortvarige, men forvaltninga erfarer at det kan være ein god del turfølgje allereie helga kring første mai. Difor er løyvet i utgangspunktet avgrensa i tid fram til friluftaktivitetane tek seg opp. Forvaltninga kan ikkje sjå at tiltaket påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. nml § 8 om kunnskapsgrunnlaget og nml § 10 samla belastning.

I vilkår nr. 5 står det at Statens naturoppsyn eller forvaltar skal varslast før flyging, og at forvaltar kan eventuelt utsette flyginga i *særleg uføresette tilfelle*. Dette er eit vilkår nasjonalparkstyret kan nytte i dispensasjonssaker med ei vid tidsramme om noko dukkar opp som vi ikkje kan ta høgde for på det noverande tidspunkt (nml § 9 om føre-var). Dette er eit vilkår som m.a. vart nytta då Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav løyve til Norsk Bremuseum for å nytte helikopter o.a. i innspelninga av den nye formidlingsfilmen til museet. Dersom den samla belastninga i eit område blir for stort (NML § 10) over kort tid kan dette vilkåret utgjere ein slags nødbrems.

Tiltakshavar skal dekkje kostnadane ved å hindre/avgrense skade på naturmangfaldet jf. nml. § 11, men forvaltar vurderer heimelen som mindre relevant i denne saka då framlegg til vilkår inkluderer å effektivisere ferdsla i tid, noko som vil koste prosjektet mindre, ikkje meir. Det er viktig at bruken av helikopter og snøscooterne er effektiv (nml §§ 10 og 11). Forvaltar foreslår også at forskingsprosjektet har ein strategi for å informere om aktiviteten, både i lokalavis og i sosiale medium, i tilfelle folk lurar på om den motoriserte ferdsla er lovleg og slik sett får ei betre tilnærming til støyen ferdsla genererer (nml § 10).

Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Både kunnskap om sårbart biologisk mangfald og kunnskap om friluftslivet har vore premiss for utforminga av vilkår. Med framlegg til vilkår vurderer nasjonalparkforvaltaren søknaden frå JOSTICE-prosjektet ikkje til å vere i strid med verneføremålet, og at prosjektet vil generere mykje ny kunnskap som kan komme forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark til gode.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/20	24.02.2020

## **Saksframlegg - Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - uttak av breis til formidling på Norsk Bremuseum - Liseter/Supphellen**

### **Innstilling frå forvaltar**

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til grunneigarane på gards- og bruksnummer 158/1 og 158/2, Liseter og Supphellen, for å kunne nytte motorisert ferdsle fram til den regenererte breen mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane ved Store Supphellebreen med det føremål å nytte breisen til formidling på Norsk Bremuseum. Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 24. februar 2020 og i fire år fram til 1. januar 2024.
3. Løyvet gjeld før kl 10.00 og etter kl 19.00 for å redusere talet på besøkjande som vert uroa av støy.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med traktor med skuffe langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå Sogndal kommune.

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument i saka**

- Søknad frå grunneigar i Sogndal kommune på gards- og bruksnummer 158/1 Liseter, Solrun Liseter Midtskog, og grunneigarane på gards- og bruksnummer 158/2 Supphellen, Ivar Supphellen og Trude Solli, datert den 29.01.2020. Søknaden vart tilgjengeleg for forvaltninga den 13.01.2020.
- Brev frå Norsk Bremuseum v/direktør John Brekke datert den 28.01.2020
- Telefonsamtale med fagansvarleg Pål Gran Kielland på Norsk Bremuseum den 14.02.2020
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991.
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994.

### **Søknaden**

Grunneigarane inst i Supphelledalen, med gards- og bruksnummer 158/1 Liseter, Solrun Liseter Midtskog, og gards- og bruksnummer 158/2 Supphellen, Ivar Supphellen og Trude Solli, søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdslø slik at dei kan ta ut breis. Dei planlegg ikkje å ta av sjølve breen, men restane av dei periodevise israsa som kjem ned frå Store Supphellebreen. Ivar Supphellen og Trude Solli bur i umiddelbar nærleik og høyrer når det rasar frå breen, slik at dei kan hente is ganske raskt. Nærare bestemt er den omsøkte lokaliseringa av uttaket mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane. Søkjara skriv at den regenererte delen av breen har minka veldig sidan veksten på 1990-talet, og at den har minka sopass mykje at den no er innanfor nasjonalparkgrensa. Gardbrukarane har til alle tider nytta grus- og sandførekomstane på breelvsletta til drifta si, dette er stadfesta i grusdatabasen til NGU (Norges Geologiske Undersøking). I søknaden viser dei til forvaltningsplanen for nasjonalparken, der uttak av breis står omtalt på denne lokaliteten i Supphelledalen. Søknaden skildrar at dei planlegg å ta ut isen maskinelt og at den aktuelle isen er isras frå brefallet til Store Supphellebreen.

Vedlagt søknaden er også ei stadfesting frå Norsk Bremuseum v/John Brekke om at dei nyttar breisen i sine utstillingar, og at det å oppleve ekte breis og å kunne ta på den er ein vesentleg attraksjon i museet. Han skriv m.a. *Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten har i snart 30 år hatt veldig god nytte av samarbeidet med grunneigarar i Supphelledalen, som hjelper oss med uttak av breis til formidling i utstillingane. Sidan opninga i 1991 har museet i gjennomsnitt hatt 62 000 besøkande årleg, og alle gjestane har hatt høve til å kjenne på og eksperimentere med ekte breis frå Jostedalsbreen.*

*Museet ynskjer å halde fram med dame uttaksordninga, sjølv om den regenererte delen av Store Supphellebreen har trekt seg attende. Ein av styrkane ved formidlinga til museet har vore å kunne syne fram opp til 1000 år gamal breis til menneske i alle aldrar og frå mange ulike nasjonar.*

Museet seier pr. telefon at det er behov for 2-3 turar inn for å hente is i løpet av sesongen. I 2019 fekk dei ei levering i mai og ei i juli. Museet har grei kapasitet på frysarane, slik at det ikkje trengs så mange turar.

### **Lovgrunnlag**

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdifullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) til motorferdsel spesifikt for å hente ut breis. Søknaden må difor bli vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*


Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Dette står i forvaltningsplanen frå 1994 i kapittel 7.3.12 under Forsking og undervisning: *Norsk Bremuseum i Fjærland har trong for bre-is til forskning og utstillingar, og dei ønskjer å samarbeid med ein av grunneigarane om uttak av is frå Trollabyrgje i Supphelledalen, Fjærland. Uttaket gjeld små mengder i høve til det som fell ned frå Supphellebreen. I utgangspunktet ser vi ikkje dette som særleg problematisk fordi tilhøva ligg godt til rette. Korleis og tidspunkt for uttak må likevel diskuteras når søknad om dispensasjon for uttak av bre-is ligg føre. Det vil vere mest praktisk evt. å gje løyve for fleire år om gongen.*

Om motorisert ferdsel står det følgjande i forvaltningsplanen som kan være relevant for denne saka: *Det vanlege er at snøscooter, traktor eller hest vert nytta til utkøyring av ved. Utkøyring med hest slik det skjer i Langedalen i Jølster er tillate. Utkøyringa av ved bør skje mest mogleg sporlaust. Etter utkøyring med hest, vurderer vi snøscooter som det nest gunstigaste. Køyring med traktor i elveleiet om hausten gjev også tilnærma sporlaus ferdsel. Køyring med traktor på barmark vil vanskeleg få løyve.*

## **Vurdering**

Store Supphellebreen er ein utløpar av Jostedalsbreen og ligg halvvegs inn Supphelledalen i Fjærland, Sogndal kommune. Det er ein populær turistattraksjon som, i 2019, fekk permanent toalett for dei besøkande etter mange år med ureiningsutfordringar. Breen har vore delt i to delar i mange år. Den nedste delen, også kalla den regenererte delen, har smelta mykje dei siste åra. Den har fått «påfyll» frå breplatået, men den omfattande bresmeltinga har ført til at den nedste delen minkar betydeleg meir enn den får påfyll.



Figur 1 til venstre og figur 2 til høgre syner hhv flyfoto og topografi i det aktuelle området i Supphelledalen. Det skraverte grøne området syner nasjonalparken.

Det meste av ferdsla til innfallsporten er turistar som kjem køyrande for å sjå breen. Det kjem mange bussar inn dalen. Frå mai til oktober 2018 stod det ein ferdselsteljar ved utsiktspunktet mot breen. Denne viste 11651 besøkande. Dette gjer Supphellebreen til ein av dei mest besøkte innfallsportane til nasjonalparken, men er likevel langt under det talet besøkande som til dømes Bøyabreen hadde i same periode (81131 besøkande). I tabellen under kan ein sjå dei månadsvisе tala for besøkande til Supphellebreen frå 2018.

<b>Supphellebreen</b>		
Månad	Tal besøkande	Kommentar
mai.18	1073	f.o.m. 10. mai
jun.18	2450	
jul.18	4261	
aug.18	2956	
sep.18	813	
okt.18	98	t.o.m. 10. okt.

Tabell 26: Månadleg tal besøkande til Supphellebreen frå mai til oktober 2018

Det blei også satt opp ei kasse ved Supphellebreen under brukarundersøkinga for Jostedalsbreen nasjonalpark sommaren 2017. Det vart her fylt ut 1548 skjema. Supphellebreen hadde same del utlendingar (75 %), om lag same del lokale og same del fyrstegangsbesøkande (71 %) som heile nasjonalparken samla. Her er berre 5 % på organisert tur og dei besøkande har middels langturerfaring. Dei er litt meir opne for tilrettelegging og det å møte folk på tur enn andre i nasjonalparken og 24 % har med barn i turfølget.





Figur 3 syner Store Supphellebreen frå september 2019. Kjelde: Instagram #Supphellebreen

Is og grus har vore ein ressurs for dei to gardsbruka som er grunneigarar ved Store Supphellebreen. Nasjonalparkgrensa går på tvers av elvesletta, og gardbrukarane kunne tidlegare hente is utan å krysse vernegrensa, sjå figur 1 og 2.

Forvaltninga er godt kjent i området. Det er tilnærma ingen vegetasjon (sjå figur 3) på elvesletta, og køyrespor vert vaska vekk ved neste høge elvestand/flaumras (nml § 12). Det har til og med vore ei utfordring at både stien, varselskilt og kjettingar som nasjonalparken har sett opp blir vaska vekk når det kjem store flaumar av is og vatn ut av breen. Difor vil det ikkje være synlege køyrespor i området ved å gje dispensasjon til det omsøkte tiltaket.

Forvaltninga vurderer faren for presedens som lita. Dette fordi gardbrukarane historisk har bruk av området til å hente is (innanfor vernegrensa) og stein/grus (utanfor vernegrensa), noko vi ikkje finn tilsvarende for i andre delar av nasjonalparken. I tillegg blir dette brukt til formidling på Bremuseet, og har pågått i snart 30 år. Breheimsenteret i Jostedalen har nytta breis enkelte år, men dei hentar isklumpene frå båtkaien ved Nigardsbrevatnet. Bruken er ikkje-kommersiell og vert nytta til å spreie kunnskap om breis til besøkande, særleg retta mot barn. Saka er eit godt døme på effektar av klimaendringar og påverknaden på både natur og bruk av området. Då breen var større kunne henting av is gå føre seg utan løyve frå verneforskrifta.

Med vilkår om at isen berre kan hentast ut på den tida av døgnet det er minst sjanse for uro av besøkande, vil ein også minimere ulempa på verneføremålet om friluftsliv (§ 12). Naturmangfaldlova § 11 vert vurdert som irrelevant i denne saka, men dersom naturmangfaldet skulle bli skadelidande vil tiltakshavar måtte dekkje kostnadane som tiltaket påverkar.

Jamfør naturbase er det enkelte raudlista artar i området, men ingen av disse vil bli skadelidande ved den omsøkte hentinga av is (nml § 8). Difor får § 9 om føre-var lita vekt i saka. Den samla belastninga i området er hovudsakleg frå besøkande, men med toalett og kanalisering, samt at dei besøkande oftast kjem gruppevis er dette under kontroll.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/20	24.02.2020

## **Jostedalsbreen NP - motorferdsel 2020-2023 - bruk av scooter i forbindelse med snømåling og vedlikehold av bruer - Glommens og Laagens Brukseierforening GLB**

### **Innstilling frå forvaltar**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) løyve til bruk av snøskuter i Jostedalsbreen nasjonalpark, på ruta over Tystigbreen og gjennom Merradalsbotnen, i samband med snømålingar og vedlikehold av bruer i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeve med heimel i §48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- Løyve til snøskuterkøyring frå Breheimen nasjonalparkstyre er henta inn.
- Glommens og Laagens Brukseierforening kan bruke eigen snøskuter under desse transportoppdraga. Løyvet gjeld for to køyretøy.
- Løyvet gjeld for :
  - Inntil 1 tur pr. år til snømålefelt i Rauddalen.
  - Inntil 3 turar pr. år i forbindelse med vedlikehold av bruene nord for Rauddalsvatnet. Bruk av snøskuter til snømåling Rauddalen skal kombinerast med transport for vedlikehold av bruene så langt det lar seg gjere.
- Løyvet gjeld i perioden 1. mars – 20. april i åra 2020, 2021, 2022 og 2023. Det kan unntaksvis køyrast i perioden 20. april – 30. april kvart år, men berre dersom det er heilt nødvendig for oppdraga. Da skal nasjonalparkforvaltarane for Breheimen og Jostedalsbreen ha beskjed om det i god tid før køyring.
- Godkjent rute til snømålingar i Jostedalsbreen nasjonalpark er:
  - Når det let seg gjere ut frå føre og tryggleik skal køyring inn i Rauddalen skje frå Rauddalsdammen i aust.
    - Dersom rute frå Rauddalsdammen ikkje er tygg skal val av rute skje i dialog med nasjonalparkforvaltar for Breheimen, Statens naturoppsyn Breheimen og feltpersonell frå GLB. Dette alternativet krev at GLB tek kontakt med nasjonalparkforvaltar i god tid før køyring skal skje.

- Når omsyn til villrein og/eller tryggleik tilseier det kan det køyrast om Mårådalen og over til Merradalsbotnen i Jostedalsbreen nasjonalpark og ned Rauddalen.
- Køyring skal ikkje finne stad i påska (palmelaurdag - 2. påskedag) og på sundagar.
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er strengt nødvendig. Køyring skal skje med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og friluftsliv. Det må takast spesielt omsyn til villreinen og transporten skal vike frå køyreruta dersom det er villrein langs traseen.
- Restar av materialar og liknande etter vedlikehald av bruene skal transporterast ut av verneområdet.
- Motorferdsel skal meldast på SMS seinast dagen før til Statens naturoppsyn Breheimen (Øyvind Angard tlf: 917 33 365) og Statens naturoppsyn Jostedalsbreen (Anne Rudsengen tlf: 95 96 38 88).
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal yllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
- Køyrebok skal sendast Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 1. juni kvart år.

Andre vilkår satt av Breheimen nasjonalparkstyre gjeld også Jostedalsbreen sitt område, då både start og mål på ruta er på den andre sida av vernegrensa.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå Breheimen nasjonalparkstyre, kommunane og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

## **Saksopplysningar**

### **Dokument i saka:**

- Søknad frå Glommens og Laagens Brukseierforening v/ Svein Tore Sinnes, datert 21. november 2019.
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 09.03.2018

### **Søknaden**

Søknaden gjeld løyve til bruk av snøskuter i samband med snømålingar og reparasjon av bruer i Breheimen nasjonalpark for åra 2020-2023. Søknaden gjeld i hovudsakskuterkøyring i Breheimen nasjonalpark, men det vert og søkt om løyve til å bruke ei alternativ rute som delvis går igjennom Jostedalsbreen nasjonalpark. Denne alternative ruta skal berre brukast dei gongene det er best utifrå sikkerheit og omsyn til villreinen i området. Den omsøkte ruta går over

Tystigbreen og Merradalsbotnen. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i 2018 løyve til å nytte ruta som naudrute for å gjennomføre snømåling når det ikkje var forsvarleg å bruke ruta direkte frå Raudalsvatnet. Dette løyvet gjaldt for åra 2018 og 2019. Det vart gjeve liknande løyve i 2013 og 2016.

Same søknad er sendt Breheimen nasjonalparkstyre og Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Søknaden er attgjeven nedanfor:

*Viser til tillatelse gitt 1.3.2016 av Breheimen Nasjonalparkstyre for bruk av snøscooter i Breheimen nasjonalpark for 2016-19 og 15.3.2018 av Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre – løyve til snøscooterkjøring for snømåling for 2018-19.*

*Hvert år i april foretar GLB snømålinger iblant annet nedbørfeltene til Breidalsvatn og Raudalsvatn. Målingene bidrar til ressurskartlegging av snøsituasjonen. Resultatene formidles til våre eierverk (kraftselskapene), og til NVE for flomvarsling og allment formål. På oppfordring formidler vi historiske snømålinger til forskningsinstitusjoner og andre interesserte.*

*Det måles 3 målestrekk i Breheimen nasjonalpark (kfr. vedlagt kartskisse), herav ett i Breidalsvatn-feltet og to i Raudalsvatn-feltet. Disse målingene utføres normalt i løpet av en dag i hvert av feltene. Når det måles i Raudalen kan det oppstå situasjoner der det ikke er mulig eller forsvarlig å komme seg ut ved bruk av ordinær kjørerute. Alternativ rute vil da være å kjøre vestover og ut Mårådalen til Grotli.*


*GLB har også ansvar for vedlikehold av 3 bruer langs nordsiden av Raudalsvatn (Raudalsåi, austre Sandåi og vestre Sandåi). For innkjøring av utstyr og materiale i forbindelse med utbedring og vedlikehold av disse, vil det i enkelte år være behov for kjøring inntil tre dager i året. En av dagene kan kombineres med snømålingen i Raudalsvatn-feltet.*

*Vi søker herved om kjøretillatelse med snøscooter i Breheimen i forbindelse med snømåling for normalt 2 dager i året for perioden 2020-2023. I år med behov for utbedring av bruer søker vi om inntil 5 dager i året. (Scootertrase i kartutsnittet)*

*Videre søker vi om å bruke angitt kjørerute gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark som en alternativ kjørerute i stedet for nødrute i forbindelse med snømålingene og vedlikehold av bruer for de samme dagene som er søkt for i Breheimen. (merket nødrute i kartutsnittet). Grunnen til at vi søker om å gjøre denne kjøreruten likestilt med den gjennom Breheimen er at da kan utepersonell vurdere hvilken av de to kjørerutene som er best egnet ut fra vær og føreforhold fra gang til gang. Utepersonell vurderer ruten vestover og ut Mårådalen som terrengmessig enklere og sikrere å kjøre. Også med tanke på å få med seg utstyr til reparasjoner av bruene er denne ruten ofte bedre egnet enn den opprinnelige gjennom Breheimen. Dersom kjøreruten gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark ikke kan gjøres om til en alternativ rute ønsker vi å beholde den som en nødrute slik som i dagens løyve.*

Aktuelle scootersjåførere er fra Eidsiva Vannkraft AS; Håkon Haugen, Morten Brekkum, Jakop Sæther og Are Flatmo. Scootere per 2019 har regnr. BJ3851 og DZ8797.

Det kan bli endring i aktuelle sjåførere og scootere i løpet av perioden det søkes for.



GLB sitt kart over målestrekk, bruer og snøskutertrasear.

## Heimelsgrunnlag

### Verneføremål - verneforskrift

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdifullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at:

*«forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

## Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) søker om løyve til å køyre med snøskuter gjennom delar av Jostedalsbreen nasjonalpark. Ruta gjennom Merradalsbotnen har tidlegare vore godkjent og brukt som naudrute, jfr. løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 09.03.2018. GBL ønskjer no å likestille dei to rutene, slik at feltpersonellet frå gong til gong kan vurdere kva for rute av dei to, som er best egna ut frå vêr, føre og omsyn til villreinen i området. Feltpersonellet vurderer ruta vestover ut Mårådalen som enklare og sikrere med tanke på terrenget. Med tanke på å få med seg utstyr til reparasjonar av bruene vil denne ruta ofte vere betre egna enn den som går over ved Huguvardtjønn.

Denne delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er av dei mest avsidesliggjande fjellområda i nasjonalparken. Spesielt vinterstid er det lite annan aktivitet i dette området. Det er difor særskilt viktig å halde området mest mogleg fritt for motorisert ferdsel. Sekretariatet har likevel forståing for at det ut frå sikkerheitsomsyn eller av omsyn til villrein i området kan oppstå behov for å kunne bruke den alternative ruta gjennom Merradalsbotn.

Bruk av snøskuter fører med seg støy og uro, som kan vere til skade for dyreliv som villrein, og vere forstyrrande for friluftsliv. Samtidig er forstyrringa som bruk av snøskuter fører med seg relativt kortvarig. Det er søkt om opptil fire turar totalt med snøskuter, der traseen som ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark berre vil bli brukt dersom den vanlege ruta ikkje er tilrådeleg å bruke, på grunn av tryggleik eller omsyn til villreinen i området. Omfanget av tiltaket er difor lite, og forvaltar vurderer det difor til å ikkje vere i strid med vernevedtaket sitt føremål, og til at det med dei rette vilkåra ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Omsøkt transport kan i fyrste rekkje koma i konflikt med villreinen i Breheimen. Område Mårådalen – Skridulaupen – Huguvardtjønn er registrert som vinterbeite og kalvingsområde for villreinen. I tillegg er det fleire trekkvegar både over Mårådalen og Rauddalen. Kva for transportrute som er minst konfliktfylt i forhold til villreinen sin arealbruk er derfor avhengig av når transporten skal skje, vêr- og føreforhald, villreinen sin bruk av området i dei enkelte åra m.m. Ut frå omsyn til bl.a. villrein er det best om køyringa inn i Rauddalen skjer frå aust med utgangspunkt i Rauddalsdammen, og ikkje heilt frå Grotli i nord over Huguvardtjønn eller Mårådalen. Forholda (føret/tilgjenge, tryggleik) kan likevel vere slik at dette ikkje let seg gjere. Omsyn til villrein kan og vere grunn for å bruke alternativ rute.

Nasjonalparkforvaltar meiner at kva for trase som skal brukast frå år til år må bestemmast ut frå kvar villreinen oppheld seg dei enkelte åra. Oppheld reinen seg ved Huguvardtjønn bør transportane i utgangspunktet gå frå Rauddalsdammen, alternativt gjennom Mårådalen. Oppheld

reinen seg ned mot Mårådalen bør transportane i utgangspunktet gå frå Rauddalsdammen, alternativt over ved Huguvardtjønn. Sikkerheit, vêr- og føreforhald for dei som skal utføre snømålingane må også vektleggjast ved val av rute. Nasjonalparkforvaltar meiner derfor at det bør leggjast opp til ei ordning der val av rute som skal brukast inn til snømålefeltet i Rauddalen skal avgjerast med bakgrunn i momenta ovanfor, og i dialog med Statens naturoppsyn Breheimen og feltpersonell frå GLB. Dette krev at GLB tek kontakt med nasjonalparkforvaltar i Breheimen i god tid før køyring er planlagt.

Av omsyn til dyrelivet og spesielt villreinen bør ein unngå motorferdsel i slike område etter 20. april. I førre løyve vart det lagt opp til at køyring i perioden 20. – 30. april kunne finne stad dersom det var heilt nødvendig at snømåling skjedde etter 20. april. Ordninga kan vidareførast for neste periode mot at køyring i dette tidsrommet berre skjer i heilt spesielle tilfelle.

Frå tilgjengelege databasar (som naturbasen og artsdatabanken.no), forvaltningsplanen for Jostedalsbreen, NINA Rapport 227 «Villreinen i Ottadalsområdet» og generell kunnskap om området, går det fram at det er fyrst og fremst villreinen i Ottadalen villreinområde som er registrert av biologisk mangfald og som i nemneverdig grad kan bli påverka av tiltaket det er søkt om. Området rundt Merradalsbotn er registrert som sommarbeite for villreinen, samtidig som det er viktige trekkvegar nord-sør forbi dette området. Mårådalen i Breheimen nasjonalpark er registrert som kalvingsområde. Villrein er utsett for menneskeleg aktivitet, og då særskild seint på vinteren i tida før kalving. Villrein reagerer normalt med frykt mot motorisert ferdsel. Samtidig kan reaksjonen vere større mot til dømes turgåarar. Støy frå snøskutertransport vil likevel kunne påverka villreinen over eit større område enn kva ein skiløpar vil. Vi har mykje kunnskap om villreinen i Ottadalsområdet og korleis villrein reagerer på menneskeleg påverknad. Forvaltar vurderer difor kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok til å kunne vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).

Som nemnt er dette området av dei brenære områda i Jostedalsbreen nasjonalpark som er mest avsidesliggjande, og difor er det òg lite aktivitet her. Av anna kjend aktivitet er det noko turaktivitet forbi Kamperhamrane, men berre i sommarhalvåret. Breheimen nasjonalparkstyre har vurdert omsynet til villreinen i detalj, og forvaltar syner til Breheimen sine vurderingar. Eit eventuelt løyve vil etter sekretariatet si vurdering ikkje føre til stor samla belastning på området (jf. naturmangfaldlova § 10).

Det er naturleg å setje vilkår til eit eventuelt løyve om at det skal takast omsyn til naturmiljø (jf. naturmangfaldlova § 12) og friluftsliv. Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen eller Øyvind Angard bør varslast seinast dagen før, slik at dei kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar. Av omsyn til friluftsliv bør det ikkje bli gitt løyve på helgedagar og i påskeveka, dvs. frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag.

Det er ein fordel om køyringa finn stad tidligast mogleg, slik at ein ikkje risikerer å uroe villreinen, særleg tett inntil kalvinga. Køyning i perioden 20. til 30. april bør difor berre finne stad dersom det er strengt nødvendig at snømåling blir gjort i denne perioden, og då etter særskilt avtale med Breheimen nasjonalparkstyre sitt sekretariat.

Når det gjeld eventuelle skader på naturmangfaldet som ein verknad av tiltaka som det er søkt om, så skal dei lastast tiltakshavar om dei ikkje er urimelege ut ifrå den karakter skaden har (jf. naturmangfaldlova § 11).

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at transportane kan gjennomførast med dei vilkåra som er sett i tilknyting til løyvet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/20	24.02.2020

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord**

### **Innstilling frå forvaltar**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev etter den generelle dispensasjonsregelen § 48 i naturmangfaldlova løyve til Visit Nordfjord for motorferdsel i samband med produksjon av kortfilm med fjellpioneren Kristian Bing som gjennomgangstema. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyve til helikopterflyging gjeld for ein dag. Transporten omfattar 4 turar frå Briksdalen til Brenndalsnibba.
- Flyginga skal skje i perioden 6.-8.april 2020.
- Helikopter skal berre nyttast til transport, ikkje til filming frå lufta
- Helikopter skal ikkje synleggjerast på filmen
- Flyginga med helikopter skal ta omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før transporten skal gjennomførast
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.juni om gjennomført flyging

Løyvet gjeld berre i høve verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark. I tillegg krevst handsaming av Stryn kommune som mynde etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

### **Saksopplysningar**

#### *Dokument i saka*

- Søknad frå Visit Fjordkysten v/Marita Lindvik, datert 03.02.2020
- Tilleggsopplysningar til søknaden, motteke 11.02.2020

#### *Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.oktober 1991



- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark av 1994, oppdatert utgåve mars 2002

### *Søknaden*

Visit Nordfjord v/reiselivssjef Marita Lindvik søkte 03.02.2020 om landingsløyve i nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltar har i telefonsamtalar og epostar av 09.02.2020 og 11.02.2020 bede om tilleggsopplysningar til søknaden. Tilleggsopplysningar til søknaden vart sendt forvaltninga 11.02.2020.

Visit Nordfjord er det offisielle destinasjonsselskapet for Nordfjord og er eigd av kommunane i regionen, aktivitets- og opplevingstilbydarar, transportbedrifter, hotell og andre overnattingsverksemdar.


Visit Nordfjord ynskjer i samarbeid med Briksdalen Fjellstove å produsere ein kortfilm som skal brukast til promotering av Nordfjord og Briksdalen som reisemål i internasjonale marknader. Filmen vil vere ein del av eit større konsept som skal skildre historia om fjellpioneren Kristian Bing og vise historiske hendingar knytt til Bing og Nordfjord. Kristian Bing sitt namn knyter seg på ulikt vis til mange av turistattraksjonane i Nordfjord. Bing utforska Jostedalsbreen sine mange brefall systematisk, og i 1895 klatra han, saman med Rasmus Aabrekk frå Olden, brefallet på Briksdalsbreen. Bing oppdaga helleristningsfeltet i Vingen og han var med på førstebestiginga av austveggen av Hornelen. For Jostedalsbreen er det tenkt laga artiklar/forteljingar om fleire stader, turar og fenomen, mellom anna Bings gryte, Bings brekuppel, Jostedalsbreen på langs, klatring av Briksdalsbreen og fleire andre brefall. Historiane skal illustrerast med bilete, teikningar og vert knytt til filmen frå Briksdalen via digitale kanalar.

Visit Nordfjord ynskjer å bruke historia om Bing si ekstreme klatring av brefallet i Briksdalen for 125 år sidan og kople denne med dagens mest ekstreme utøvarar. Dei ynskjer at profesjonelle speedriderar (ski og skjerm) skal fly over brearmen for fyrste gong og lande ved Briksdalsvatnet. Dette stuntet skal filmast og brukast i historieforteljinga om Bing, ved å samanlikne opplevinga av å utforske Briksdalsbreen i notid og gamal tid. Dei ynskjer ved historieforteljinga å nå den aktive turisten/utforskaren/«the explorer» gjennom å skildre kva som skjer i hovudet på speedriderar når dei går opp breen vs flyg ned breen. Drivkreftene til Bing og dagens speedriderar for å utforske og tøyse grenser er dei same, og førebuinga krev mykje arbeid for å ivareta tryggleiken. Eit moment som vil vere viktig i forteljinga er at naturen er sårbar og speedriderar er sårbar på lik linje med Bing når han gjennomførte sine bragder.

Målet med denne forma for historieforteljing er å skilje seg ut for å få større merksemd og god promotering av breen, Briksdalen og Nordfjord i inn- og utland.

I samband med filmproduksjonen er det nødvendig å bruke helikopter til frakt av kamerateam og speedriderar med alt utstyr opp til landingspunkt på Brenndalsnibba. Derifrå er det om lag 30 minutt å gå på ski til aktuelt startpunkt for speedriderar. Visit Nordfjord opplyser at helikopterfrakt inn på breen er nødvendig av omsyn til logistikk og tryggleik.

### Landingsplass Brenndalsnibba



Det vert søkt om maksimalt 4 flygingar i perioden frå 6.-8.april 2020. All filming er tenkt gjennomført på ein dag, men grunna usikre vertilhøve søkjer dei om flygeløyve i ein periode på tre dagar.

Det er i tilleggssopplýsingane skildra eit alternativ utan bruk av helikopter, men dette vert av søkjar vurdert som dyrt, risikofullt og lite realistisk å få til.

Visit fjordkysten søkjer og om løyve til å filme frå lufta ved hjelp av drone. Det er ikkje forbod mot bruk av drone i nasjonalparken, så denne søknaden treng ikkje handsamast. Nasjonalparkforvaltar vil likevel tilrå droneflyginga skjer kun i Briksdalen og ikkje i området rundt, dette for å redusere fare for unødig uroing av hekkande fugl.

### *Heimel*

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta pkt.IV. I forskrifta er det ikkje opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til denne type tiltak og søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom:

*«det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kapittel 7.3.9 står m.a. følgjande om motorisert ferdsel til den type føremål som det er søkt om her:

*«...I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar og liknande bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»*

## **Vurdering**

For at ein skal kunne gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påvirke verneverdiane nemneverdig.

Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndet sitt skjønn, innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndet bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Søknaden gjeld eit prosjekt har som målsetjing å vise fram og bruke historiske hendingar der fjellpioneren Kristian Bing er sentral. Bing var ein av utforskarane av breen og hans namn er sterkt knytt til Jostedalsbreen.

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- *Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *Å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Motorferdsle er forbode i verneområdet, men i nokre høve er det naudsynt for å gjennomføre einskilde tiltak. Motorferdsel kan påvirke både naturmiljøet og folk som er på tur. Likevel er påverknaden av helikopter avgrensa i tid og rom, og påverkar ikkje landskapet sin naturlege tilstand slik det er formulert i verneføremålet.

Tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging er ein del av verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. For utøvarar av tradisjonelt friluftsliv er fråvær av støy ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Dette ligg til grunn for reglane som gjeld for motorisert ferdsel. Samstundes føreset den tilsikta bruken og opplevinga av områda i ein del tilfelle at det vert gjeve høve til motorisert transport, t.d. i samband med vøling av bygningar og til

provisering til stølshus og hytter som er viktige for friluftslivet. Såleis er det føresett ei kritisk vurdering av kva som skal reknast som naudsynt motorferdsel, slik at den ønskete bruken av området kan halde fram, samstundes som omfanget av motorferdsel vert halde på eit lågt nivå.

Området ved Briksdalsbreen er besøkt av mange turistar, særleg i sommarmånadane. Om lag 250-300 tusen turistar vitjar Briksdalen kvart år. Briksdalen er godt tilrettelagt for å ta imot mange besøkande. Dei fleste som besøker Briksdalen bruker område med mykje teknisk tilrettelegging (gangvegar, trollbilar etc.). Berre ein liten del av dei besøkande utøver tradisjonelt friluftsliv i form av turgåing på stiar og i terrenget gjerne kombinert med brevandring. Turen opp Kattanakken startar i Briksdalen og er nytta av brevandrarar for å kome opp på breen. Det er særleg frå seint i mai og utetter sommaren at denne oppgangen til breen er nytta. Helikopterflyging i Briksdalen ein dag tidleg i april vil venteleg forstyrre få utøvarar av tradisjonelt friluftsliv.

Det vert vurdert at omsøkt tiltak ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane og at den generelle dispensasjonsbestemmelsen etter § 48 i naturmangfaldslova kan brukast.

Etter å ha vurdert om ein kan gje dispensasjon til omsøkt tiltak etter den generelle dispensasjonsheimelen, skal forvaltninga skjønsmessig vurdere om ein kan gje løyve.

I 2012 vart det lagt fram ein nasjonal reiselivsstrategi som seier mellom anna: «*Gjennom særlig tilretteleggelse for bruk av naturen som innsatsfaktor i reiselivsproduktene kan vi sikre at ferdsele og opplevelsene i naturen ikkje går på bekostning av miljøhensyn. Regjeringen vil legge til rette for utvikling av reiselivsprodukter i tilknytning til store verneområder...*»

Filmen som skal lagast er ikkje ein reklamefilm for eit spesifikt produkt, men ein film til bruk i marknadsføring av ein region med utgangspunkt i historiske hendingar og personar som er sterkt knytt til Jostedalsbreen. Prosjektet skal gje filmmateriell til reiselivsnæringa i Nordfjord for å utvikle opplevingsprodukt og marknadsføring knytt til den kjende fjellpioneren Kristian Bing. Det er ein stor fordel at det regionale destinasjonsselskapet i Nordfjord står bak eit slikt prosjekt og ikkje ei einskild reiselivsbedrift. Briksdalsbreen er ein viktig attraksjon og historia knytt til Kristian Bing si fyrstebestigning av brefallet er ein del av kulturhistoria til Jostedalsbreen. Filmen som skal knytast til denne hendinga kan ikkje filmast andre stader enn i Briksdalen.

Verneverdiane i nasjonalparken er i stor grad knytt til landskap, geologi, planteliv, dyreliv og kulturminne. Flyging og landing med helikopter kan påverke fauna i ein sårbar fase som hekking og kalving. Rovfugl og villrein er særleg utsett. Området ved Briksdalsbreen er ikkje eit viktig område for villrein. Her er heller ikkje kjente hekkelokalitetar for rovfugl som vil verte uroa i hekketida. Kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfaldslova § 8) vurderast til å vere tilstrekkeleg.

Påverknaden på verneverdiane synest å vere minimale for flyginga denne eine gongen, isolert sett. Men ei samla belastning skal vurderast ut i frå om løyve denne gongen kan skape presedens, og på den måten bidra til ei gradvis utholing av verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet.

Det kjem kvart år spørsmål om å bruke helikopter til spektakulære foto- og filmopptak til bruk i film/Tv-produksjon og kommunikasjons- og PR-prosjekt. Difor meiner nasjonalparkforvaltaren at flyging som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet er kulisse, skal filmast utanfor verneområdet. Denne søknaden gjeld filming der Briksdalsbreen er meint å vere meir enn ei kulisse, og produktet er Jostedalsbreen sjølv.

Sidan søknaden denne gongen er spesifikt knytt til viktige historiske hendingar i nasjonalparken og samstundes er ein del av prosjekt med regional interesse, der reisemålselskapet i regionen står bak, vurderer forvaltar det som lite sannsynleg at det vil skape uheldig presedens (§ 9), og det vil heller ikkje føre til ein større samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldslova § 10). Nasjonalparkforvaltaren vurderer at naturmangfaldslova sin § 11 ikkje er relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer vilkåra i naturmangfaldslova § 48 om at tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å verte oppfylte. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden kan gjevast dispensasjon på visse vilkår.

**RS 1/20 Nytt medlem til rådgjevande utval frå Naturvernforbundet**

**RS 2/20 Arbeidsverkstad besøksstrategi i Fjærland**

**RS 3/20 Villreinnemnda for Reinheimen- Breheimen - Protokoll 2020 Sak 2-10 - vedtak om Skridulaupbu**